

Hadde skuletime om Nåso

03.09.2014



Bjørn Olav Tveit hadde også utstyr med

Bjørn Olav Tveit er ein allsidig kar som spelar på mange pedagogiske strengar. I føremiddag har han vore lærar i friluft lengst oppe i dalen og temaet var Nåso som klatre-eldorado. Det var eigentleg ein avstikkar i årets fylkeskonferanse for friluftsfolk som denne gongen vert halden i Kvinnherad med 30 deltakarar. Med Storhaug som utsiktspunkt gjekk Tveit igjennom Nåsos utvikling sidan fjellet vart eit klatremål på 1980-talet.



[Britt Karen Spjeld som er idrettsjef i fylket takka Bjørn Olav Tveit for god orientering](#)

Han mintes mellom anna då han i 15-årsalderen saman med ein kompis kom ned frå toppen gjennom ein krevjande passasje. Vel nede traff dei ein bonde og tykte dei var svære karer. Bonden hadde eit meir nøkternt syn på ferda. Han kunne opplyse at dei hadde gått ned ei rute der bøndene vanlegvis gjekk med kloggar på beina og såg etter geitene.

Tveit karakteriserte klatringa som eit handverk og konstaterte at aktiviteten er prega av fordommar. Ofte vert det teke for raske konklusjonar om den. Eigentleg er det få ulukker under klatring og Nåso har god sikring og det er ikkje så mykje dramatisk som skjer her.

Rutene er stort sett 500-600 meter lange og Ein midtsommernattsdrøm har vorte ei signatur-rute. Ein vesentleg føresetnad under klatringa er å ha kontroll med ein eigen frykt.

Nåso som klatremål vert oppdaga av stadig fleire og dei er meir og meir langvegsfarande.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



30 var med i årets konferanse